

Det Kongelige Kommunal- og regionaldepartementet  
 Postboks 8112 Dep.

0032 OSLO

## Høyring - Lovfesting av medvirkningsordning for ungdom Uttale frå Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane

Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane har handsama høyringsutkastet i møte 19.oktober og har følgande uttale:

«Sogn og Fjordane er eit fylke med store variasjonar innanfor ungdomsmedverknad. Mange kommunar har i dag eit ungdomsråd, men alle gjer det på sin eigen måte. Ungdomspolitisk Utval har rolla som det øvste ungdomsorganet i fylket, og har medlemar frå ulike ungdomsråd, politiske ungdomsparti og organisasjonar. Vi representerer ungdommen i fylket i politiske saker som påverkar ungdom sin kvardag.

Utvalet har ei fadderordning der vi står som kontaktpersonar for ungdomsråd i kommunane. Kvart år arrangerer vi nettverkssamlingar der representantar frå ungdomsråda lærer om møteleing og debatt teknikk. Samlinga fungerer også som eit bindeledd mellom ungdomsråd frå dei ulike kommunane. Dei blir kjend med sakene til kvarandre og lærer kvarandre å kjenne.

Vi arrangerer også fylkesting for ungdom, der ungdommen sjølv tek stilling til saker, får øving på talarstolen og debatterer seg imellom. Fylkestinget har demokratisk val av nytt ungdomspolitisk utval, og utarbeider ein handlingsplan utvalet skal arbeide etter i to år framover.

Ungdomspolitisk utval er avhengige av engasjert ungdom i kommunane for å fungere. Vår erfaring med ungdom sin medverknad i kommunane får vi gjennom kontakt med ungdomsråda. Aktiviteten i ungdomsorgana rundt omkring varierer veldig mykje. I nokre kommunar blir arbeidet med ungdomsråd eller ungdommens byråd teke på alvor, medan andre kommunar ikkje prioriterer ungdom sine synspunkt i lik grad. Vi har erfart at dette har utruleg mykje å sei for ungdomsråda sin seriositet. Det viser seg gong på gong at dei vaksne kontaktpersonane i kommunen er viktige for å oppretthalde engasjementet og glede knytt til ungdomsarbeidet. Dess meir desse vaksne kontaktpersonane, ordførar og andre politikarar viser at dei tek ungdomen på alvor, dess meir engasjerte ungdomsråd får vi.

Ungdomspolitisk utval meiner at det ikkje er ei god løysing å tvinge kommunar til å ha eit ungdomsorgan, fordi det er vanskeleg å presse fram engasjement med tvang. Dei kommunane i fylket som i dag ikkje har ungdomsråd, har som oftast prøvd tidlegare, men avslutta ordninga fordi engasjementet blant ungdommen ikkje er stort nok. Vi meiner at stortinget skal lovfeste rettleiande retningslinjer for korleis ungdomsmedverknad skal fungere i kommune og

fylkeskommune. Men at det skal vere opp til kvar enkelt kommune om dei vil opprette eit medverknadsorgan for ungdom. Vi vil at retningslinjene mellom anna skal innehalde at medlemmane i ungdomsråda har rett til opplæring i debatt teknikk og møteleiing.

Vi støttar forslaget om å samle lovverket for eldreråd, råd for personar med nedsett funksjonsevne og medverknadsorgan for ungdom under eitt departement. Ei felles lov vil auke effektivitet og likestille organa. Vi meiner ungdomsråd skal halde fram med å vere eit rådgjevande organ, og ikkje få fleire saker enn det som vedgår dei.

UPU vonar ei lovfesting vil styrkje lokaldemokratiet, og påverke fleire kommunar til å engasjere ungdommen».

Med helsing

Torgeir Timenes Bell  
Leiar Ungdomspolitisk utval

Aud Jonstad Baardsen  
konsulent

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Kopi til:

Ingebjørg Erikstad, KA  
Åshild Kjelsnes, FORD  
Tore Eriksen, FRM